



Vestlandshus Arkitekter As  
Lerstadvegen 517  
6018 Ålesund

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/347 - 22/3786

Sakshandsamar:  
Thomas Skår  
thomas.skar@masfjorden.kommune.no

Dato:  
27.04.2022

## Førebels svar - søknad om oppføring av fritidsbustad gbnr 24/46

Viser til søknad om løyve til oppføring av fritidsbustad gbnr 24/46, Ådnekvam hyttefelt.

Det er krav om at byggjegrunden ein skal gjere tiltak på er tilstrekkeleg sikker mot naturpåkjenningar. Det betyr at når ein skal byggje f.eks fritidsbustad, må det vere dokumentert sikkerheit.

Jf skredfarekartlegging utført av SWECO datert 29.11.2013 ligg omsøkt tomt (område 10 i rapport) på området som har «en liten skrent med avgrensede blokker hvor det vurderes å være skredfare større enn 1/100. Disse blokkene vil trolig bare velte ut av skrenten, stoppe relativt raskt.»

Jf rapport vert det anbefalt avbøtande tiltak. Ber om dokumentasjon på at tomt er sikker mot naturpåkjenningar evt kva tiltak som vert gjort.

Det er også søkt om ansvarsrett som sjølvbygger for UTF tømrararbeid, montering og byggteknikk samt taktekkingsarbeid. Kommunen kan godkjenne person for ansvarsrett som sjølvbygger av eigen bustad eller fritidsbustad dersom personen kan synlegjere at arbeidet vert utført i samsvar med bestemmelsar gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Ber om at det vert inn dokumentasjon som viser utdanning/praksis for arbeid det er søkt om sjølvbyggeransvar for.

Ta kontakt dersom noko er uklart.

Med helsing

Thomas Skår  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

### Kopi til:

Stian Sleire Presttun

**Mottakarar:**  
Vestlandshus Arkitekter As